

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 2

MARS 1998

31. ÅRG.





## Det store spørsmålet



ASBJØRN  
ÅSGÅRD

Den første meningsmølinga etter år 1 les me om i Lukas-evangeliet, i kapitel 13. Jesus var på veg opp mot Jerusalem og påskehøgtida, og han lærde folket medan han vandra oppover. Folk spurde om slikt dei var opp-

tekte av, og han gav svar. Brått var det ein som ropar:

«Herre, er det få som vert frelste?»

Folk spissa øyro, for dette var eit aktuelt spørsmål for kvar og ein. Alle som har møtt ein meningsmøling, veit at der er berre to alternativ for svaret:

Anten seier du ja i telefonen eller så set du kryss i ja-ruta på arket – eller så svarar du nei på same måten. Nokon mellomveg fanst ikkje. Datamaskinene er ikkje interessert i dine grunnar, tvil og atterhald. Om Jesus hadde sagt nei, ville mannen hatt overskrifta klar til media: «Slapp av! Alle menneske kjem til himmelen», og med mindre bokstavar ville han fortelja at meiste- ren er ikkje så streng som dei skriftkloke seier. Han meiner at dei aller fleste kjem til himmelen, så det er ingen grunn for oss til å forsaka denne verda sine gleder, det går nok bra til sist, for det står i Bibelen at Gud er nådig. «Der bra folk går, der er Guds veie!» skreiv Bjørnstjerne Bjørnson i 1889.

Dersom Jesus hadde svara ja, det er få som vert frelste, så hadde overskrifta og vore grei å laga: «Slapp av! Det nyttar ikkje.» Og nedover i teksten vil le ein finna at meisteren sa at det er

berre snille folk utan flekkar på kleda som slepp inn der. Konklusjonen ville verta at det nyttar ikkje for oss vanlege menneske å drøyma om sæla i himmelen. Og då har me berre ein ting å gjera, me må prøva å få mest mogeleg ut av jordelivet vårt den tid me har det. Me treng ikkje bry oss om dei andre, ein kvar er seg sjølv nærast. Et, drikk og ver glad, for i morgon døy du.

Men spørjaren hadde ikkje datamaskinen med, og svararen kjende ikkje «skikk og bruk» i slike situasjonar. Han sa korkje ja eller nei, og ymta ikkje frampå om kva for ei gruppe som vert den største. Jesus sa: «*Strid for å koma inn gjennom den tronge døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn, men ikkje greia det.*»

Han stiller også opp to alternativ: Anten kjem ein seg inn gjennom døra, eller så vert ein ståande utafør – alltid. Mange hadde site til bords med han og prata med han, men han kjende dei ikkje, for di dei aldri hadde kjent han.

Men likevel kjem det mange til himmelen: «*Og det skal koma folk frå aust og frå vest, frå nord og frå sør og sitja til bords i Guds rike. Og sjå, nokre av dei siste skal verta dei fyrste, og nokre av dei fyrste skal verta dei siste.*» Det vert mykje å undra seg over når ein er komen innom himmelporten: Eg saknar mange som eg var sikker på å trefa her. Eg ser mange slike som eg aldri hadde drøymt om å sjå her. Men først og sist undrar eg meg over at eg sjølv er komen fram og skal få oppleva og sjå ein ny himmel og ei ny jord!

# Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 1998

## Fasteaksjon i Arna sokn, tirsdag 31. mars

### Av Asbjørn Padøy KN-kontakt i Arna

Innsamlingsdagen for Arna sokn er tirsdag 31. mars. Då vonar vi at de er villige til å gje ei gåve til Kirkens Nødhjelps store arbeid ute blant forskjellige folkeslag.

Aksjonstema dette året er: **Mat er menneskerett!** Fokuslandet i år er

India. Målgruppa i India er kvinner, kastelause, bønder, dagarbeidarar og dei som bur i slummen.

Vi har bruk for folk som kan vera bøssebærarar, eller som disponerer bil og kan køyra bøssebærarane ut.

Dersom du har høve til å vera med, kan du venda deg til Arna kyrkje-kontor, telefon 55 24 04 00 eller til Asbjørn Padøy, telefon 55 24 08 87.

## Fasteaksjon i Ytre Arna/Haugland onsdag 1.4.98

### Av Trygve Johansen

Også i år blir det en innsamling i Ytre Arna/Haugland til Kirkens Nødhjelp. Pengene går til mennesker som lider under fattigdom, sult og undertrykkelse. Fasteaksjonen setter preg på norsk menighetsliv i ukene før påske. Vi får i denne tiden hjelp til å se andre menneskers livssituasjon og gjøre noe med den. Fasteaksjonen er en mulighet for

oss til å hjelpe mennesker som virkelig trenger vår hjelp.

Onsdag den 1. april i år går konfirmantene rundt i Ytre Arna og på Haugland med fastebøsser. Vi ber om at de blir tatt vel imot. Gi en skikkelig gave til mennesker som er i nød denne gangen!

## Brød for Verda



Ring 820 43 033 (du gjev 100 kroner)

Det kan gje skulegang og mat for eitt barn i India i ein månad eller mat for 8 menneske i Mali i ein månad i ein krisesituasjon.

Du kan også nytte post/bankgiro 110.



## Søndagsskulen i Ytre Arna bedehus 100 år!

Det er i år 100 år sidan det vart starta opp med søndagsskule i bedehuset i Ytre Arna, og det har vore søndagsskule i gong i alle desse hundre åra.

Det var lærar Simon Heltveit på fabrikkskulen og skomakermeister Magne Teigland som først vart samde om å ta til med søndagsskule. Dei heldt til i det som den gongen vart kalla forsamlingshuset i Ytre Arna, men som seinare vart bedehus. Etter kvart som søndagsskulen vart meir og meir kjend auka barnetallet slik at det på det

meste kunne vera over 100 born samla til søndagsskule einskilde søndagar. Då kan vi tenkja oss at det ikkje var så enkelt å vera søndagsskulelærarar, sjølv om borna vart fordelte på to rom. Men sikkert må det ha vore inspirerende og med ein slik stor oppslutnad om søndagsskulen.

Sjølv om det praktiske opplegget i søndagsskulen har endra seg ein del i alle desse åra, er det viktigaste framleis likt. Innhaldet i Bibelen er det same, og borna lærer om Jesus no som før. Og vi ber enkle bønner og syng om Jesus. På mange måtar kan vi seia at søndagsskulen er borna si gudsteneste.

Mykje endrar seg sjølvstilt i samfunnet på 100 år. Vi veit mellom anna at borna som lever no, har mange ulike tilbod, og søndagsskulen blir gjerne eitt av desse. Likevel er det og i dag ein fin flokk som kjem til søndagsskulen i bedehuset, og dei er uvanleg trufaste. No heiter det at ein er «medlem» i søndagsskulen, og det siste året hadde vi 20 medlemmer, det var litt fleire enn året før. Så vi kan trygt seia at bedehus-søndagsskulen si tid ikkje er forbi. Dessutan vart det for nokre år sidan starta opp med søndagsskule i Plytten som dekkjer Flatane-området. Og framleis driv pinsemenigheten søndagsskule i Betania.

Ein 100-åring har grunn til å feira dagen, og det skal vi og gjera i søndagsskulen. Fest vert det på bedehuset i Ytre Arna, søndag 15. mars, frå kl. 16.30. Og vi er så heldig å få med oss «sjefen» for søndagsskulen her vest, kretssekretær Nils Arne Lavik, som talar. Og så vil vi sikkert ha med oss mange søndagsskuleborn med foreldre og andre som er interesserte i søndagsskulen – og det veit vi er mange. Vi ser verkeleg fram til denne dagen!

## EKSOTISK AFTEN

– med misjon på menyen



LØRDAG 14. MARS  
KL. 19.00

Arna Kyrkjelydshus

Eksotisk mat!!!!



Andakt av Ingvard Jordal  
Sang av Arna Ten-Sing

Amerikansk auksjon!!!!

Innsamling til misjonsprosjekt

**DU ER VELKOMMEN**

## Tidlig konfirmasjon på Takvam og Trengereid søndag 19. april

TAKVAM KL. 10.00

Cecilie Heim

Janne Christin Dimmen Thunes

Erlend Borge

Trond Bruknapp

Stian Hauge

Thomas Rasmussen

TRENGEREID KL. 12.15

Siri Skulstad Wangen

Åsmund Rhode



## NATTKAFÉEN

Jeg vil på vegne av nattkaféen fortelle litt om hva vi gjør, og hvordan vi driver.

Det ble et skifte i styre høsten 1995, da takket de eldste ungdommene for seg og en fin gjeng på rundt 12 yngre ungdommer overtok stafettspinnen. Det gjorde vi med ett mål for øye, og få se Arna-ungdommer FRELST!

Vi har jevnt over hatt nattkafé en lørdagskveld i måneden. Det bruker å være mellom 40-70 ungdommer innom hver kveld. Et fåtall bekjenner seg som «født» på ny. Da vi begynte var det en nattkafé der det stort sett var tre kristne, plutselig dukket det opp mange nye ukjente ansikter. Med så mange ufrelste ungdommer i kyrkjelydshuset en kveld i måneden, er det klart vi bruker mye tid og krefter på å fortelle om Jesus i enkeltes frelse. I fjor ble 4 ungdommer frelst, i år allerede 3. Vi hører susen av en «vekkelses vind».

Vi er overrasket over hvor lite ungdommen vet når det gjelder den kristne tro. Men det gjør det på den andre siden mye lettere for oss å «begynne på bar bakke». Vi møter stor interesse og

nysgjerrighet når vi evangeliserer. Og vi vet at de temaene som vi tar opp på nattkaféen er et samtaleemne i friminuttene på skolene.

Vi driver et aktivt bønnearbeid i forbindelse med hver enkelt kveld. Alle i styret har minst en halv time i bønn i løpet av kvelden.

Vi er i gang med å utvide arbeidet vårt, vi har begynt med å gå ut og be. Vi ber på ungdomsskolen og yrkesskolen, og vi vil utvide dette til andre sentrale plasser der ungdommene samles i Arna f.eks. gymnaset og rundt Øyrane Torg.

Jeg takker på vegne av nattkaféen for all støtte og all forbønn, og ber om at dere må være utholdende, for vi begjærer store ting av Gud!!!!

Sakarias 4:6b «Ikke ved makt og ikke ved kraft, men ved min ånd, sier Herren hærskaenes Gud.» Disse kveldene er det nattkafé: 21. mars, 25. april, 16. mai – denne kvelden blir det også evangelisering.

For nattkaféen  
Linn Breivik



Torbjørn Skjælaaen:

# DIAKONI I BERGEN BY

## En orientering fra stiftelsen Bergen Bydiakoni

Stiftelsen Bergen Bydiakoni er en fortsettelse av Bergen Menighetspleiers Fellesnevnd (BMF) som har lange tradisjoner i det bergenske kirkeliv. Nylig ble BMF omgjort til en stiftelse og fikk sitt nye og mer moderne navn. Formålet fremgår av stiftelsens statutter som bl.a. sier at Bergen Bydiakoni skal hjelpe medlemsmenighetene i å ivareta sitt diakonale ansvar.

Så er Kirkens Bymisjon kommet til Bergen. Menighetene i Bergen stod samlet bak da Kirkens Bymisjon i Bergen ble dannet og ønsker sterkt at bymisjonen skal utvikle og styrke det diakonale engasjementet i Bergen. Sammen med Kirkens SOS og Kalfarkollektivet er Kirkens Bymisjon et kirkelig fellestilltak som kan komme til å bety mye for menneskene i Bergen by.

Diakoni i Bergen by er mer enn disse og andre diakonale fellesinntak. Rundt omkring i byens menigheter, drives det lokalt omsorgsarbeid av forskjellig slag. Mye av dette retter seg mot eldre, noen driver sorggrupper, andre prioriterer besøkstjeneste.

Noen få av menighetene har tilsatt diakon i full stilling – noen har en liten deltidsstilling. Men alle menigheter har diakonale ildsjeler som driver et betydelig og vesentlig arbeid.

Det lokale diakoniarbeidet organiseres på ulik vis. Noen menigheter har diakonat med lange tradisjoner og solid økonomi. Andre steder organiseres arbeidet gjennom menighetsrådets diakoniutvalg.

Uansett lokale forskjeller og priorite-

ringer så trenger det diakonale arbeid ute i menighetene å bli styrket og inspirert, både åndelig og organisatorisk. Mange av ildsjelene vet at der er menneskelig nød og behov for støttetiltak av forskjellig slag man ikke får gjort noe med. Mange steder kan det som gjøres, gjøres bedre.

Til å hjelpe seg med dette har menighetene nå både stiftelsen Bergen Bydiakoni og Kirkens Bymisjon. Da sistnevnte ble stiftet var det en forutsetning at også det lokale diakoniarbeidet i menighetene kunne vente seg hjelp fra Bymisjonen.

Det er nå et viktig poeng at man ikke gjør dobbelt arbeid, men samarbeider slik at de ressurser som er til rådighet blir utnyttet best mulig til beste for det diakonale arbeid i menighetene. Stiftelsene Bergen Bydiakoni og Kirkens Bymisjon er derfor enige om at de skal informere hverandre og forsøke å fordele oppgavene seg imellom.

Besøkstjenesten i menighetene. Vi vet at mange menigheter ønsker å forbedre sin besøkstjeneste eller komme i gang med det. Men det viser seg at det ikke er helt lett å få det til slik man ønsker.

I midten av mars vil Bergen Bydiakoni holde et kurs for diakonaterne/ diakoniutvalg/ diakonimedarbeidere for å hjelpe til med organisering av besøkstjeneste. Kurset vil ta for seg tema for rekruttering og oppfølging av frivillige, samarbeid med den offentlige pleie og omsorgstjenesten, frivillighets-sentraler etc.

Innbydelse til disse tiltakene blir sendt direkte til diakonater og diakoniutvalg.

## Gudstjenesten (2)

### Gudstjenestens liturgiske ledd

Vi kunnjorde i siste Kyrkjelydsblad at vi vil lage ein serie om vår gudstjeneste. Gudstjenesten er bygget opp slik at de forskjellige ledd har sin spesielle mening i en større helhet. Når presten står vendt mot alteret, så henvender han seg til Gud på vegne av menigheten. Og når presten står vendt mot menigheten, så taler han fra Gud til menigheten.



Av  
Trygve Johansen



Denne gangen vil vi gi en oversikt over de forskjellige liturgiske ledd. En høymesse består av 5 hoveddeler med til sammen 22 punkter. Den som ønsker å følge serien videre framover, kan ta vare på denne oversikten. Legg også merke til de liturgiske ledd neste gang du er i kirken, og her er de liturgiske heftene som blir utdelt ved inngangen til stor hjelp. Bruk dette heftet og gjør deg kjent med innholdet. Liturgien er viktig for oss. For den som forstår betydningen av de liturgiske leddene, er det lettere å følge med når han er i kirken.

#### I. Innledning: Bønn og lovsang

1. Inngang: preludium, inngangssalme og inngangssord
2. Syndsbekjennelse
3. Bønnerop – Kyrie
4. Lovsang – Gloria
5. Dagens kollektbønn

#### II. Forkynnelse av Guds ord

6. Første tekstlesning
7. Høymessesalme
8. Andre tekstlesning
9. Trosbekjennelse – Credo
10. Salme før prekenen
11. Preken
12. Salme etter prekenen

#### III. Menighetens forbønn

13. Kunnjøringer
14. Forbønn
15. Menighetens takkoffer

#### IV. Samling om Herrens bord

16. Salme før nattverden
17. Lovprisning og Herrens innstiftelsesord
18. Nattverdmåltidet
19. Takkekollekt for nattverden

#### V. Avslutning: Signing til tjeneste

20. Slutningssalme
21. Velsignelse og utsendelse
22. Utgang: postludium

Velkommen til kirke på søndag!

Ved inngangen kan du få låne et liturgisk hefte, som du kan følge med i. Meningen er at en kirkegjenger bør være en aktiv deltaker i vår liturgi.



# Tankar i kyrkja

AV ASBJØRN ÅSGARD

Om albertavla i Arna-kyrkja er stor kunst, har eg ikkje greie på, men eg tykkjer ho er fin, og så har ho gjeve meg så mange tankar medan eg har site nede på 8. benk på «kvinnesida». Dei fire bileta viser dei største hendingane i Jesu «offentlege» liv, dei tre siste åra han var på jord. Sjølv sagt burde fødselen i Betlehemstallen vore med, og 12-åringen i templet, og alle undergjeringane hans, men alt dette var det ikkje plass til.



*Oppe til venstre* står døyparen Johannes midt i Jordan og ser Jesus koma mot seg. «Sjå der er Guds lam som ber verdens synd!» ropte døyparen før han døypte Jesus. No var han i gang med frelsesverket som Gud hadde pålagt han å fullføra. Alt same dagen tok folk til å samla seg rundt han for å høyra han tyda dei gamle pergamentrullane som låg i synagogene deira.



*Midtfeltet* har tre bilete over kvarandre. Tre år er gått, og Jesus veit at han snart skal døy. Dei sit samla rundt kveldsbordet på nedste bildet. Påskelammet er ete, og det kviler ein rar, utrygg stemning over flokken. Meisteren har i det siste snakka om så mange ting som dei ikkje kan skjøna, som dei ikkje vil tru. Han veit at det er siste kvelden. Ein annan ved bordet veit og at ingen ting heretter vert som før, men han har ikkje full oversikt over det han har vikla seg inn i. Dei andre vonar det skal gå bra, han er då så mektig og sterk, han må kunna finna ein utveg slik at dei kan halda fram med vandrarlivet sitt. Stort sett har dei hatt det kjekt, og dei har likt at folk la merke til dei. «Han der er ein av følgjesveinane åt Jesus,» har dei høyrte meir enn ein gong. Det gav dei større tru på seg sjølve.

Hovudfeltet – der er Jesus åleine, ein berre anar nokre som søv i bakgrunnen. Svevnen vann over dei store orda som hadde kome frå nokon av læresveinane. Kanskje var denne natta det hardaste Jesus måtte tola. Svikta av sine eigne, kringsett av uvener som stod han etter livet, og utan å få svar frå sin eigen far, låg han der og vreid seg på marka. Han spurde om det var råd å sleppa undan, men var likevel villig til å døy om det var slik at det måtte til. Rett nok kom ein engel og styrkte han, men svar fekk han ikkje. Her bar han all verdsens synd, og dette var prisen han måtte betala – for vår synd og skuld.

*Øvst oppe* ser me han på krossen, og no har han den fysiske pina attåt den sjelelege. Det er så underleg stilt i lufta. Dei fleste som hadde vore med og sett på dramatikken hadde tuska heimatt. Det var så mykje rart kring denne mannen, kanskje det ikkje var så klokt det dei hadde vore med på? Nokre trufaste vener heldt ut, og så dei romerske soldatane som var pålagde å halda vakt. Han sa nokre ord med han hang der. To evangelistar har fått med at han ropte: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Ein fortel at han ropte til Gud: «Far, i dine hender gjev eg mi ånd!» Den fjerde evangelisten fekk med at han sa: «Det er fullført!» Så bøygde han hovudet og anda ut.




FOTO:  
JON TESDAL

*Oppe til høgre* ser me at han vert lyft opp frå jorda og henta heimatt til sin far. Livsverket var slutt, og frelsesverket var fullført. Han for heim som sigerherre.

«For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» Johs. 3,16.





# BRØD FOR VERDA

## Kirkens Nødhjelp sin aksjon i fastetida

Retten til mat er tema for årets KN-aksjon i fastetida. Det handlar om at menneske har rett til å få den maten dei treng for å leve og vere friske. Ein rett som er bibelsk, og som er slegen fast av FN. Pengane som vert samla inn, går til alt arbeidet som Kirkens Nødhjelp driv, med særskild fokus på India.

Aksjonsdagen er den 31. mars, og vi vonar 35.000 unge og vaksne bøsseberarar over heile landet vil gå frå dør til dør og samle inn pengar til KN sitt arbeid i 60 land.

Målet er å samle inn 15,5 millionar kroner til Brød for Verda i år. I fjor kom det inn 14,7 millionar, og det var ein

flott auke på vel ein million kroner frå året før.

### Retten til mat

Mat er ein grunnleggande og gudgjeven menneskerett; eit vilkår for livet. Likevel har 800 millionar menneske verda over for lite mat, medan vi i den rike delen av verda har meir enn den vi klarer å ete. Årets Brød for Verda-aksjon handlar om retten til mat. KN arbeider for dette i mange land, til dømes i India.

### Kirkens Nødhjelp i India

I India støttar KN grupper og organisasjonar som arbeider for å betre leveforholda og sikre retten til mat for dei fattigaste. Hjelpa kan vere å dele ut mat i ein katastrofesituasjon, støtte til betre fordeling av jordbruksland og andre ressursar, skulegong for born, å undervise kvinner i familieplanlegging, samt helse og juridisk assistanse.

Eitt av prosjekta KN støttar handlar om å betre jordbruket på landsbygda. I åssider der regnvatn elles fløymer nedover og forsvinn, blir det no grave grøfter slik at vatnet vert fanga opp og kan trekkje ned i jorda og gje vokstervilkår. Deretter vert tre planta for å binde vatnet.

I landsbyar der prosjektet er kome lengst, ser ein at folk vert buande for å dyrke jorda i staden for å flytte inn til slummen i storbyane. Prosjektet gjer at leveforholda vert betra på brei basis.

## Påskeleirar på Kvamsseter

Horisontleir 3.-6. april  
for 5.-8. kl.

Familieleir 8.-12. april

Ring 55 31 00 61  
for informasjon  
eller påmelding.

Det Norske  
Misjonsselskap



### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

## Frå bedehusland

### Betania, Lone

#### Mars

Søn. 15. B-kveld. HIM.

Lør. 21. NLM. Basar.

Søn. 22. Søndagsskule. B-kveld. NLM.  
**Øystein Rønhovde.**

Tor. 26. NMS-møte.

Søn. 29. NMS. Misjonsfest kl. 18.00.

#### April

Fre. 03. Fredagskafé kl. 20.00.

Lør. 04. BUF. Årsmøte.

Søn. 05. Søndagsskule. Samemisjonen  
**Per Kørner.**

Tor. 09. Nattverdmøte.

Søn. 12. BUF.

Man. 13. Gudsteneste kl. 11.00.

Søn. 19. Søndagsskule. Eldrefest  
kl. 16.00. **Øyvind Øy.**

Søn. 26. B-kveld. NLM. «Det gamle og  
det nye livet.» Efes. 4,17-5.7.

**Lars Gaute Jøssang.**

Barnekoret.

Konsert v/**Ivar Skippervold.**

### Arna Bedehus

#### Mars

Søn. 15. Jubileumsfest Bhutan-foreninga  
kl. 18.00. **Helge Hitland.** Pensjonistkoret

Åsane kyrkje.

Tor. 19. Bøne- og vitnemøte.

Søn. 22. Møte v/NLM kl. 19.00.

Tir. 24. NMS-veke.

Tor. 26. Eldretreff.

Fre. 27. Bønesaml. Trengereid.

Tir. 31. Alpha-kurs kl. 19.00.

#### April

Søn. 05. Møte v/Israelsmisjonen  
kl. 19.00.

Tir. 14. Alpha-kurs.

Fre. 17.-lør. 18. Kyrkjelydshuset.  
**«Vandring gjennom NT»**  
v/K. Kaldestad.

Søn. 19. Lovsingsmøte.

Tor. 23. Eldretreff.

Fre. 24. Bønesamling Ytre Arna  
bedehus.

Søn. 26. Møte v/Muhammedanar-  
misjonen.

Man. 27. Basar.

## Fest for eldre i Betania på Lone

Kvar vår pleier Haukeland Indremisjon skipa til fest for dei over 70 år. Inntil no har desse fått personleg innbyding. Etter kvart er det vorte vanskeleg å halda oversikt over kven som er i denne aldersgruppa. I år vil me difor innby til fest gjennom Kyrkjelydsbladet og Bygdanytt. Dessutan blir det lagt ut ei innbyding utan personleg navn, i alle postkassar.

Festen i år vert sundag 19. april kl.

16.00. Tidlegare sokneprest i Arna, Øyvind Øy, vert med som talar. Det vert korsong, opplesing, allsong og ei lang, god matøkt.

Me vonar mange finn vegen til Betania denne dagen, og alle er hjarteleg velkomne!

## Val av nytt bispedømmeråd

Medlem av soknerådet i Arna, **Tarald Veland**, stiller som kandidat ved val av nytt bispedømmeråd.



## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

#### Arna Sokn:

- 01.01.: Johannes Kaldhussæter Moe,  
døpt i Spjelkavik kyrkje  
18.01.: Sander Davidsen Raa, døpt i  
Tysnes kyrkje.  
Ingrid Liabø Hauge, døpt i  
Hamre kyrkje  
25.01.: Sindre Muller Lysebo,  
Wilhelm Andre Knoph Lie  
Falkanger, Fredrik Wilhelm  
Reite Holck  
08.02.: Torill Benjaminsen og  
Lene Svanevik  
22.02.: Caroline Fosse Kraft

#### Ytre Arna sokn:

- 25.01.: Emilie Eikefet Berland  
Bettina Eikefet Knudsen  
01.02.: Christine Trolin Haugland  
22.02.: Daniel Einmo Dalland,  
Irmelin Marøy,  
Anna Eriksen Brandsdal



### Vigde

#### Arna sokn:

- 30.01.: Trond Schive og  
Elizabeth Tufta, vigde i Den Norske  
Sjømannskyrkje i San Francisco

## † Døde

#### Arna sokn:

- 09.01.: Sigurd Petersen, f. 1902  
18.01.: Harald Eide, f. 1923  
18.01.: Sverre Livden, f. 1919  
19.01.: Johanna Hope, f. 1907  
22.01.: Anna Ragnhilda Hauge, f. 1911  
04.02.: Jakob Gunnvald Brekke, f. 1912



#### Ytre Arna sokn:

- 28.12.97.: Borghild Koppen  
06.01.: Odd Hirt  
13.01.: Magnus Underlid  
17.01.: Berta Ytreauna  
01.02.: Johannes Brekkhus

## Ofringar:

#### Arna sokn:

- 18.01.: Barne- og Ungdoms-  
prosjekt .....kr. 2066,-  
25.01.: Indremisjonsarbeidet  
i Arna bedehus .....kr. 3743,-  
01.02.: Sætervika Ungdomssenter  
NLM .....kr. 5517,-  
05.02.: Nor Misjons .....kr. 1577,-  
08.02.: Bibeldagen .....kr. 6200,-  
08.02.: Fellesmøte:  
Nor Misjon .....kr. 8482,-  
15.02.: Kyrkjelydsarb. ....kr. 3230,-  
22.02.: Barne- og Ungdoms-  
prosjekt .....kr. 2982,-

#### Ytre Arna sokn:

- 25.01.: Kyrkjelyds huset .....kr. 2000,-  
01.02.: Det norske  
Misjons selskap .....kr. 1778  
15.02.: Bibelskolen  
på Bildøy .....kr. 2513,-  
22.02.: Blå Kors .....kr. 1405,-

### Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet  
kjem etter planen ut onsdag  
**22. april.**

Stoff til bladet kan leverast til kyrkje-  
kontoret innan tysdag **7. april.**

## Kyrkjeskys

### HAUKELAND/UNNELAND

#### 15. mars

Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43

#### 22. mars

Nils Minde .....tlf. 55 24 01 54

#### 29. mars

Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15

#### 5. april – Palmesøndag

Odmund Skjoldal .....tlf. 55 24 28 76

#### 9. april – Skjærtorsdag

Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05

#### 10. april – Langfredag

Ingrid Hope .....tlf. 55 24 08 08

#### 12. april – Påskedag

Jens Hauge

#### 13. april – 2. Påskedag

(Betania) .....Nils Minde

### ARNATVEIT OG INDRE ARNA

#### 15. mars

Arne Håøy .....tlf. 55 24 03 26

#### 22. mars

Kjartan Hollekve .....tlf. 55 24 23 45

#### 29. mars

Per Eide .....tlf. 55 24 15 15

#### 5. april – Palmesøndag

Gunnar Kaaresen .....tlf. 55 24 02 41

#### 9. april – Skjærtorsdag

Odd Kjos .....tlf. 55 24 17 82

#### 10. april – Langfredag

Jostein Monstad .....tlf. 55 24 32 20

#### 17. april – 1. Påskedag

Arne Håøy

#### 19. april

Per Eide

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Prestegarden, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Gunnar Tungland (vikar)  
Tlf. 55 28 38 01

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Svein Mjelde  
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland  
Tlf. 55 24 28 71

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5090 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Benthe Vevele Birkeland  
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sølvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

**SAMDALS 55 90 19 80 hele døgnet**

BYRÅ A/S  
JONSVOLLGATEN 1

Kommer også hjem for samtale.  
J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme



TLF. 55 24 25 95

ØYRANE TORG

5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget*

**Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ**

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41



**KIRKENS  
SOS**

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar  
eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag

*Frøydig*  
**SALONGEN**

Vestlivn. 75 – Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

**Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Din lokale  
storbank  
i Arna!

**KREDITKASSEN**

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

*Keivland* A.S  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennor,  
også TV 2.

**Litangen  
Husholdningsservice,  
Garnes  
Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 18.03. Takvam kl. 19.00.** Fastegudstjeneste. Trygve Johansen.  
**Ytre Arna kl. 19.00.** Fastegudstjeneste. Kjell Nese.
- 22.03. Maria Budskapsdag – Luk. 1,46-55**  
**Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjektet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Ragnvald Hemstad. Takkoffer til Barne- og Ungdomsarbeidet i Ytre Arna bedehus.
- 25.03. Arna kl. 19.30.** Skriftemålgudsteneste. Kjell Nese.
- 29.03. 5. s.i.faste – Joh. 11,45-53**  
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Henning Langeland. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi for konfirmantforeldra.
- 05.04. Palmesøndag – Hebr. 2,14-18**  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Norsk FKUK London.
- 09.04. Skjærtorsdag – Joh. 13,1-15**  
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Offer til Den norske Santalmisjon.  
**Takvam kl. 16.00.** Trygve Johansen. Nattverd.  
**Arna Helseheim kl. 16.00.** Kjell Nese. Nattverd.
- 10.04. Langfredag – Mark. 14,26-15,37**  
**Arna kl. 11.00.** Pasjonsgudsteneste. Trygve Johansen.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Pasjonsgudsteneste. Kjell Nese.
- 11.04. Påskenatt – Luk. 24,1-12**  
**Arna kl. 23.00.** Arve Brunvoll, Trygve Johansen og Kjell Nese.
- 12.04. Påskedag – Joh. 20,1-10**  
**Arna kl. 11.00.** HØGTIDSGUDSTENESTE. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Sjømannsmisjon.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** HØGTIDSGUDSTENESTE. Kapellan Egil Hjortland. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg, Modum.  
**Redningshytta på Gullfjellet kl. 13.00.** Påskeandakt v/Jens Hauge.
- 13.04. 2. Påskedag – Joh. 20,11-18.**  
**Trengereid kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Sjømannsmisj./ Norsk kirke i utlandet.  
**Bertania kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd.
- 19.04. 1. s.e. påske – Joh. 21,1-14**  
**Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Dåp. Kor frå Kyrkjesong, Bjørgvin. Takkoffer til Ungdomsavd. Bjørgvin Kyrkjesongforbund.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Pastor Ragnar Grøm. Speidarane deltek. Kor frå Kyrkjesong, Bjørgvin. Takkoffer til Ung Kyrkjesong, Bjørgvin.  
**Ytre Arna kl. 19.00.** Samtalegudsteneste. Trygve Johansen. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.  
**Takvam kl. 10.00.** KONFIRMASJON. Kjell Nese og Erik Rodal. Kyrkjelydshuset.  
**Takvam kl. 10.00.** KONFIRMASJON. Kjell Nese og Erik Rodal. Takkoffer.  
**Trengereid kl. 12.15.** KONFIRMASJON. Kjell Nese og Erik Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 26.04. 2. s.e. påske – Sal. 23**  
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Henning Langeland. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** KONFIRMASJON. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 01.05. 1. mai – Luk. 6,31-35**  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Takkoffer til Kristne arb. Forbund.